

Stille før stormen

Kanon-farfar tek ein middagslur.

Plutseleg begynner Teodor å bjeffe.

Kanon-farfar vaknar brått.

«Ååå! For eit bråk på den hunden!» seier han.

«Men hunden varsla oss berre om uvêret,» seier Ina.

Plutseleg blir kanoen løfta opp i ein tornado.

Ein tornado er vind som går rundt og rundt.

Alle blir redde.

«Kva skal vi gjere?» roper Ina.

«Det er berre ein ting vi kan gjere,» seier Kanon-farfar.

Vi må vente på at uvêret går over.



Oppgåver:

Sjå Arbeidsboka side 47.

Gjer oppgåvene 2, 4 og 6.